

Tore Mjåtvedt
Sagstadvegen 39
5918 Frekhaug

Dato: 21.06.2018
Vår ref.: 2017/15616-12
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering - detaljregulering for Fv 564 Frekhaugkrysset og utbetring av Fv 244 - Meland kommune

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren viser til oppstart av detaljregulering for Fv 564 Frekhaugkrysset og utbetring av Fv 244 i Meland kommune datert 21.09.2017. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar med gravemaskin i veke 27-30, hovudsakeleg i område vist på kartskisser under. Vi gjer merksam på at ein vil ikkje undersøke nær bygningar eller stader med moderne terrenginngrep.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opptil 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn.

All jordmasse skal førast tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpande, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjerna i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Statens vegvesen, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det verte aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med gravemaskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil ein innhente opplysningar om nedgravne anlegg i dei aktuelle areala frå eigarar av slike. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.


Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 96 94 45 35, Sigrun.Wolstad@hfk.no eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97, Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator


Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
MELAND KOMMUNE
STATENS VEGVESEN



Kart 1. Kartskisse (ortofoto) over område som er aktuelle for den arkeologiske registreringa med gravemaskin.



Kart 2. Kartskisse over område som er aktuelle for den arkeologiske registreringa med gravemaskin.